



Klara Bakke og damevennene kan invitera til påskedans i Aktivitetshuset også dette året (Foto: Ola Matti Mathisen).

**Aktivitetshusets Damevenner skal arrangere den tradisjonelle påskedansen også i år.**

Dei har fått innvilga skjenkeløyve for alkoholhaldig drikk under 22 volumprosent frå klokka 20 til 01 onsdag 19. mars – altså onsdag i påskeveka.

Dette året er det Atle Fredheim (opprinneleg frå Uskedalen men no busett i Mauranger) og Stig Klette som skal spela, fortel Klara Bakke til uskedalen.no. Ho har oppgjeve 170 i rubrikken for "forventa tal på personar".

Påskedansen i Aktivitetshuset er ein tradisjon som starta då huset vart opna.